

Tabell A-k

Utgiftsutjamning, kommunane

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den enkelte kommune. Utjamninga består av omfordeling som følge av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kol. 1–5) og omfordeling som følge av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kol. 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2.

Berekninga av utgiftsutjamninga er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2016.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 25.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2017 er på landsbasis berekna til om lag 260,4 mrd. kroner, som utgjer 49 738 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kommunen i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) på landsbasis multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune, og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for kommunen (1 000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med innbyggjartalet i kommunen per 1. juli 2016 (tabell F-k, kol. 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Kommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Til grunn for trekket ligg elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2015 (tal frå Kunnskapsdepartementet). Trekksatsane for elevar i statlege og private skular er prisjusterte tilbake frå og med 2011 med den kommunale prisveksten (TBU-deflator).

Trekksatsane per elev for 2017	(kroner)
Vanleg undervisning	91 300
Spesialskular	287 300
Opphald	303 500

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til den enkelte kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.